



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 17.04.2012
Møtetid: 15:00 - 19.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope	Eva Hellevang

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann, ass. Rådmann. Økonomisjef møtte under skriv og meldingar og sakene 24 og 25/12. Planleggjar møtte i sak 26/12

Merknader:

Øyvind Røen skulle delta på eit anna kommunalt møte. Han fekk permisjon og forlot møtet kl . 17.15. Han deltok i sakene 23 – 25/12

Orienteringar/meldingar:	Rådmann orienterte om at Samnanger vil ha ein utskrivingsklar pasient liggande på sjukehus inntil vidare og at kommunen har teke omsorg for nye born.
Dokument utlevert i møtet:	Fylgjande skriv var sendt ut til medlemmane før møte men ikkje saman med sakspapira: Notat knytt til mellombels drift sjukeheimen Notat etter møte med Kvam herad om VA- Eikedal Saksutgreiing til kontrollutvalet rekneskap og årsmelding I møtet vart revisjonen si melding til rekneskap og årsmelding delt ut.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 11.05.2012

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
023/12	12/249	Faste saker	
024/12	12/245	Kommunerekneskap 2011	
025/12	12/81	Årsmelding 2011	
026/12	12/238	Kommunal planstrategi 2012- 2015	
027/12	11/308	VA-anlegg Kvamskogen-Eikedalen	
028/12	11/575	Sima - Samnanger - retningslinjer for bruk av kompensasjonsmidlar	
029/12	09/544	BIR AS - sjølvskyldnargaranti for lån - første del av utbygging av bosnett i Bergen.	
030/12	12/212	Vedtekter for fastsetjing av eigedomsskattetakst	
031/12	12/239	Reglement for Kommunestyret og andre politiske utval - nedsetjing av arbeidsgruppe	
032/12	10/148	Presisering av reglar om dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande	
033/12	12/163	Jubileumsfest - Straum til Bergen.- 16. juni 2012	

SAKNR. 023/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det vart orientert om at Samnanger kommune

- f.t. har utskrivingsklar pasient liggjande på sjukehuset.
- har overteke omsorgen for 3 barn

Notat frå rådmannen dagsett 13.4.2012 om mellombels drift av sjukeheimen vart diskutert. Formannskapet ber rådmannen sette i gang arbeid med sikte på at den mellombelse drifta skal skje i den delen av sjukeheimen som ikkje skal rivast med evt. supplerande tiltak.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Under utvalet sitt kvarter reiste **Gunnar Bruvik** (Frp) spørsmål om

- Framdrift renovering av kommunehuset
- Straumprisane

Straumprisane er lågare enn budsjettet, og prognosane også for 2013 er dårlege med tanke på å oppnå målet som er sett om 7 mill. kroner i inntekter.

Status for arbeidet med renovering av kommunehuset vil verta gitt i kommunestyret.

FORM-023/12 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 024/12
KOMMUNEREKNESKAP 2011

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det vart orientert om handsaminga i kontrollutvalet. Revisjonsmeldinga vart delt ut.

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapa for 2011 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på 2.358.479 kroner vert fordelt slik: Disposisjonsfond 2 mill; Tilleggslyvingskonto kr 358.479.”

Samrøystes vedteke.

FORM-024/12 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2011 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på 2.358.479 kroner vert fordelt slik: Disposisjonsfond 2 mill; Tillegssløyvingskonto kr 358.479

SAKNR. 025/12

ÅRSMELDING 2011

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) sett fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune tek Årsmelding for 2011 til orientering.” Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-025/12 VEDTAK:

Samnanger kommune tek Årsmelding for 2011 til orientering.

SAKNR. 026/12

KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2012- 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2012 – 2015.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar Ragnhild Lønningdal vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i oktober 2012.

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-026/12 VEDTAK:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2012 – 2015.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar Ragnhild Lønningdal vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i oktober 2012.

SAKNR. 027/12

VA-ANLEGG KVAMSKOGEN-EIKEDALEN

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om møte med Kvam, den 13.04.2012. Det vart og vist til utsendt notat der det m.a. ligg ved ei skildring av samarbeidsmodellar.

Birthe Skaar Moum (Ap) sette fram følgjande fellesframlegg:” Samnanger kommune held fram samtalar med Kvam herad med sikte på å inngå avtale om utbygging og drift av VA-løysing i Eikedalen. Endeleg utkast til samarbeidsavtale skal fremjast for kommunestyret i juni 2012.”

Samrøystes vedteke.

FORM-027/12 VEDTAK:

Samnanger kommune held fram samtalar med Kvam herad, med sikte på å inngå avtale om utbygging og drift av VA-løysing i Eikedalen. Endeleg utkast til samarbeidsavtale skal fremjast for kommunestyret i juni 2012.

SAKNR. 028/12

SIMA - SAMNANGER - RETNINGSLINJER FOR BRUK AV KOMPENSASJONSMIDLAR

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta retningslinjer og ulike prosjekt som er aktuelle å finansiera med kompensasjonsmidlane. Saka vert drøfta vidare i kommunestyret.

FORM-028/12 VEDTAK:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding.

SAKNR. 029/12

BIR AS - SJØLVSKYLDNARGARANTI FOR LÅN - FØRSTE DEL AV UTBYGGING AV BOSSNETT I BERGEN.

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Fellesframlegg :

”

1. Samnanger kommune vedtek, saman med dei andre åtte aksjonærane i BIR AS, å stilla sjølvskuldnargaranti for lån inntil kroner 250 millionar. BIR AS vil låna dette vidare til det heleigde datterselskapet BossNett AS. Samnanger kommune sin eigardel av BIR AS er 0,88%. Ein pro rata garanti vil med dette utgjera inntil kroner 2,2 millionar.
2. Eigarkommunen i BIR AS garanterer pro rata for lånet i samsvar med kvar kommune sin eigardel i BIR AS. Det vert vist til aksjonæravtalens punkt 10.
3. Ved vesentlege endringar i, eller opphøyr av, aksjonæravtalen mellom aksjonærane i BIR AS kan eigarkommunane krevja at lånet skal innfriast. Det same gjeld om det skjer vesentlege endringar i aksjonærsamansettinga i datterselskapet BossNett AS.
4. Dersom BIR AS søkjer å gjera selskapsrettslege endringar skal selskapet varsla garantistane seinast når kreditorvarsel vert kunngjort. Garantistane har ein frist på tre månader for å krevja lånet innfridd frå slikt varsel er gitt.

5. Det vert føresett at det vert gjort same garantivedtak i alle eigarkommunane til BIR AS.
6. Det vert føresett at lånet vert betalt attende over 40 år med like store årlege avdrag. Heile lånet skal vera innfridd seinast den 31.12.2051.
7. Kapitalutgiftene til betjening av lånet vert føresett dekkja av ein del av renovasjonsavgiftene, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og brukarbetaling for dei som er knytt til nettet.
8. Det vert føresett at fylkesmannen i Hordaland godkjenner vedtak om å stilla sjølvskuldnargaranti for lånet.”

Samrøystes vedteke.

FORM-029/12 VEDTAK:

1. Samnanger kommune vedtek, saman med dei andre åtte aksjonærane i BIR AS, å stilla sjølvskuldnargaranti for lån inntil kroner 250 millionar. BIR AS vil låna dette vidare til det heleigde datterselskapet BossNett AS. Samnanger kommune sin eigardel av BIR AS er 0,88%. Ein pro rata garanti vil med dette utgjera inntil kroner 2,2 millionar.
2. Eigarkommunen i BIR AS garanterer pro rata for lånet i samsvar med kvar kommune sin eigardel i BIR AS. Det vert vist til aksjonæravtalens punkt 10.
3. Ved vesentlege endringar i, eller opphøyr av, aksjonæravtalen mellom aksjonærane i BIR AS kan eigarkommunane krevja at lånet skal innfriast. Det same gjeld om det skjer vesentlege endringar i aksjonærsamansettinga i datterselskapet BossNett AS.
4. Dersom BIR AS søkjer å gjera selskapsrettslege endringar skal selskapet varsla garantistane seinast når kreditorvarsel vert kunngjort. Garantistane har ein frist på tre månader for å krevja lånet innfridd frå slikt varsel er gitt.
5. Det vert føresett at det vert gjort same garantivedtak i alle eigarkommunane til BIR AS.
6. Det vert føresett at lånet vert betalt attende over 40 år med like store årlege avdrag. Heile lånet skal vera innfridd seinast den 31.12.2051.
7. Kapitalutgiftene til betjening av lånet vert føresett dekkja av ein del av renovasjonsavgiftene, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og brukarbetaling for dei som er knytt til nettet.
8. Det vert føresett at fylkesmannen i Hordaland godkjenner vedtak om å stilla sjølvskuldnargaranti for lånet.”

SAKNR. 030/12

VEDTEKTER FOR FASTSETJING AV EIGEDOMSSKATTETAKST

17.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Gunnar Bruvik** (Frp) bad om å få vurdert om han som eigar i Safa a.s. er ugild i denne saka. Han gjekk i frå medan utvalet vurderte gildskapen. Formannskapet vurderte han som gild.

Fellesframlegg: ” Framlegg til takstvedtekter for fastsetjing av eigedomsskattetakstar i Samnanger dagsett 17.04.2012 vert vedteke. ”

Samrøystes vedteke.

FORM-030/12 VEDTAK:

Framlegg til takstvedtekter for fastsetjing av eigedomsskattetakstar i Samnanger dagsett 17.04.2012 vert vedteke.

SAKNR. 031/12**REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET OG ANDRE POLITISKE UTVAL - NEDSETJING AV ARBEIDSGRUPPE****17.04.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Fellesframlegg :” Arbeidsgruppa vert:

Leiar John Magne Bogevik (Frp), Heidi Gjerde (Ap) og Ragnfrid Olsnes (Bgl).

Sekretær: Magda Haugen.

Gruppa skal og vurdera delegasjonsreglementet.

Samrøystes vedteke.

FORM-031/12 VEDTAK:

Arbeidsgruppa vert:

Leiar John Magne Bogevik (Frp), Heidi Gjerde (Ap) og Ragnfrid Olsnes (Bgl).

Sekretær: Magda Haugen.

Gruppa skal og vurdera delegasjonsreglementet.

SAKNR. 032/12**PRESISERING AV REGLAR OM DEKKING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE FOR SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE****17.04.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: **Ragnfrid Olsnes** (Bgl) bad om å få vurdert om ho som sjølvstendig næringsdrivande er ugild ved handsaming av denne saka. Ho vart samrøystes funne gild.

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram slikt framlegg til vedtak:” Gjeldande reglar for tapt arbeidsforteneste skal gjelda framleis. Satsane skal vera som fastsett av kommunestyret.”

Samrøystes vedteke.

FORM-032/12 VEDTAK:

Gjeldande reglar for tapt arbeidsforteneste skal gjelda framleis. Satsane skal vera som fastsett av kommunestyret.

SAKNR. 033/12**JUBILEUMSFEST - STRAUM TIL BERGEN.- 16. JUNI 2012****17.04.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: **Brigt Olav Gåsdal** (Ap) sett fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune løyver inntil kr 150.000,00 som del av utgiftene til jubileumskonsert på Frøland i høve at det er 100 år sidan kraftproduksjonen starta på Frøland. Løyvinga vert finansiert frå tilleggslyvingane.”

Gunnar Bruvik (Frp) sette fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune løyver inntil kr 150.000,00 som del av utgiftene til jubileumskonsert på Frøland i høve at det er 100 år sidan kraftproduksjonen starta på Frøland. Løyvinga vert finansiert frå Sima-Samnangerpengane.

Det vart røysta alternativt over framlegga, 3 røysta for Gåsdal sitt og 3 for Bruvik sitt framlegg. Då ordføraren røysta for Gåsdal sitt framlegg, vart det vedteke.

FORM-033/12 VEDTAK:

Samnanger kommune løyver inntil kr 150.000,00 som del av utgiftene til jubileumskonsert på Frøland i høve at det er 100 år sidan kraftproduksjonen starta på Frøland. Løyvinga vert finansiert frå tilleggslyvingane.

